



Kjetil Osablod Grønvigh fekk erfara at det ikkje handlar om rå kraft, men teknikk, då han skulle ro oselvar saman med Andreas Lindborg (arkivfoto: Silje Lepsey)

## Vil ha flest mogleg ut i båt

Laurdag er det Oselvarfestivalen i hamna. – Målet er å få flest mogleg på sjøen og til å prøva ein oselvar, seier Kjetil Osablod Grønvigh.

Av: Andris Hamre (mailto:andris@midtsiden.no) Fredag, september 1, 2017 - 09:23

I samband med Kystsogevekeene blir det laurdag, tradisjonen tru, arrangert Oselvarfestival i området rundt Oselvarnaustet og Oselvarverkstaden.

– Det er jo det første haustteiknet at vi arrangerar Oselvarfestivalen. Dei heile starter allereie klokka 10 med leikebåtbygging. Eg blir like fasinert kvart år over alle pappaene som får ein hammar i handa og skal hjelpe poden med ein kreativ farkost. Det bur eit barn i oss alle, ler Kjetil Osablod Grønvigh.

### Tøffe duellar

Ein av tradisjonane under Oselvarfestivalen er kapproing med oselvar.

– I år har vi faktisk opplevd at dei politiske partia har kome til oss for å be om å få kappro. Det er tydelegvis valkamp. Både MDG og FRP er av partia som har kome. Eg har sagt at då må dei utfordra eit anna politisk parti og desse to kamphanane har naturlegvis utfordra kvarandre.

– Men kapproinga er ikkje berre for dei politiske partia. Kven som helst kan vera med. Det trengs to personar i båten for å kappro. Det kan vera nabo mot nabo, idrettslag mot

idrettslag eller venegjeng mot venegjeng. Eg skal røpa ein liten hemmelegheit. Roing handlar ikkje om styrke og å ta hardast mogleg i, seier Osablod Grønvigh, som snakkar av erfaring.

## Natursti på vatn

I fjor inviterte festivalen osingane til å få tatovert seg med osamotiv. I år blir det ikkje tatovering, men ei nyvinning blir det også i år.

– I år har vi laga ein liten natursti oppover elveosen. Den når du ved hjelp av Oselvar. Oselvarlaget har båtar til utlån, så det er berre å stille ved naustet så får ein låna både båt, årar og redningsvestar.

– Vi har eit ønskje om at flest mogleg skal få prøva nasjonalbåten. Om det blir litt kø så er vi berre glade for det. Det er berre å henga seg på.

## Vil bruka parken

Osablod Grønvigh ser eit stort potensiale for Oselvarfestivalen.

– Det er ikkje tvil om at festivalen har eit stort potensiale. Vi vil utvikla den stille og roleg og ta eit steg av gangen. Parken mellom naustet og verkstaden er ei perle som vi etterkvart må få fylt med aktivitet av ymse slag. I år blir det mat å få i parken. Havnechefen kjem med fiskesuppe og Oselvarlaget stiller med dei notorisk gode vaflane sine. I tillegg blir det sal av villsauprodukter, opningstale ved Berit Osmundsen, dagleg leiar i Oselvarverkstaden og underhaldning med Os mannskor og Os dursamspeleskipnad, avslutter Osablod Grønvigh.

1 kommentar

Sorter etter **Eldste**



Legg til en kommentar ...



**Jan Terje Skutlaberg** · Sosialhøgskolen

I år kjem mannskoret i hovudsak til å framføra chantiar !

Liker · Svar · 1 · 2 t

[Programtillegg for Facebook-kommentarer](#)